



Marit Eikefet  
Haukeberget 12  
5119 ULSET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1574 - 19/36935

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
10.12.2019

## Orientering om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 214/10 Fyllingsnes

Saka gjeld søknad om arealoverføring av eit areal på om lag 400 m<sup>2</sup> frå eigedom gbnr. 214/10 til eigedom gbnr. 214/202.

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møtet den 09.12.19, der følgjande vedtak vart fatta :

### PM-VEDTAK 09.12.19:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå det generelle plankravet i kommuneplanen sin arealdel for 2019-2023 for arealoverføring av eit areal på 400 m<sup>2</sup> frå eigedom gbnr. 214/10 til eigedom gbnr. 214/202.

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til overføring av eit areal frå eigedom gbnr. 214/10 til eigedom gbnr. 214/202. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan dagsett 15.11.19, datert 21.09.17, jf. pbl. § 29-4.
2. Eventuell rett til å føre vass- og avlaupsleidningar over andre sin grunn må tinglysast, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
3. Eventuell vegrett over andre sin grunn må tinglysast, jf. pbl. § 27-4, 1. ledd.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

